

Aktivitetsplan 2006

Arrangement	Dato	Mnd	Ansvarleg
Stormfestival	8. -10. sep		Hovedkomite
Basar	22. okt		Styret
Øvingshelg	3. 4. og 5. nov		Styret - noteutval
S. og Fj. Meisterskap	18. nov		Styret - noteutval
Julegrantenning Vågsvåg	3. des		Styret
Julekonsert	17. des		Noteutvalet
Juletreffest	28. des		Eli, baryton, euphonium
Nyttårskonsert	6. jan		Erling, bass, slagverk, kornettar

Stikkene som stakk av.....

Anders var på Malacof Rockfestival i Eid. Brått fekk eit av dei kjende banda som skulle opptre eit problem. Trommeslagaren hadde gløymt stikkene sine. Anders berga heile festivalen då han lånte bort favorittstikkene sine til det kjente bandet minuttar før dei entra scena. Men Anders fekk aldri meir sjå stikkene sine igjen. Etter konserten så kasta nemleg den kjente trommeslagaren stikkene ut til fansen. Han tenkte nok ikkje på at det var Anders sine stikker, og endå mindre tenkte han på å levere dei tilbake til hyggelege Anders. Så dersom det er slik kjente trommisar arbeider, er det ikkje rart dei kastar dei lånte stikkene til publikum før dei sjølve stikk av.....



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vannrett:

- Ikke singel, men...
- Viktig til syng
- Veggteppe

Loddrett:

- Reis opp
- Papir
- Treng nåla
- Trøndersk dansegruppe

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 7

13. årgang

Laussal: Gratis

august 2006



Ser veldig bra ut..

Dette ser bra ut, seier nokre av dei unge kule som er med å arrangere stormfestival (bildet øverst). Neste helg brakar det laust. Då er det klart for den sjette stormfestivalen. 450 deltakarar fordelt på 17 korps gler seg til denne heilt spesielle festivalen. Dette er bortimot rekorddeltaking. No er det siste innspurt på planlegging og tillaging. Sist laurdag var det dugnad og tillaging til rorbusten i Torskangerpoll. Vi rydda, slo gras og hadde det kjekt i den fine sola. Ikkje minst smakte svelene godt. Mange brukar stor del av fritida si på å planlegge detaljar til dette giogantarrangementet. Under ser vi dansebandet "Johlinas" som alltid har suksess.



www.torskangerpoll.no

Gler oss til sjette stormfestival

Det har vore mykje planlegging og mange møter for å få den sjette stormfestivalen i hamn.

Hovudkomiteen har eit år med mange interessante utfordringar bak seg, og no håper vi alt fungerer. Dette skal vere kjekt og hektisk både for arrangørar og deltakarar. Vi var spente på om vi fekk nok påmelde korps, og det har ordna seg. Vi var spente på om nok hjelparar melde seg. Også det har ordna seg. No er vi spente på om stormen kjem og det tør vi nesten ikkje tenkje på. Søndag førstkommande klokka 18.00 på storbriefinga håper vi å gje alle på arbeidslistene god nok informasjon til at festivalen går knirkefritt. Med so mykje aktivitet på så mange stader over tre dagar er det viktig at arbeidslistene fungerer. Med andre ord rett person på rett stad til rett tid. Fredag og laurdag kveld blir det arrangement for deltakarane i Samfunnshallen. Lørdag føremiddag kostymeparade i Måløy. Seinare på dag blir det i Torskangerpoll. Søndag i kl. 12.00 blir det avslutning i Måløy.

Flagging

Vi utfordrar alle i Måløy, Holvik og resten av Vestre krets om å la flagga vaie laurdag når korpsa skal på stormfestival.

Vegstenging

Vi har fått løyve til vegstenging frå krysset ved Våge Oppedal grendahus laurdag ettermiddag. Det er på den tid bruk for vegen til bussane for dei 17 besøkande korpsa.

Avbud

Florø Hornmusikk som hadde gjort bindande påmelding sa like før ferien at dei ikkje hadde høve å komme på festival før laurdag. For nokre dagar sidan melde florøværingane avbud. Dette var synd fordi vi i vår måtte sei nei til korps p.g.a.plassmangel.



Sponsorar

Vi er glad for alle sponsorar som støttar oss, og vil profilere desse etter avtale i programheftet og elles.

Korpsgaver

På stormfestival får kvar gong alle korpsa ei gåve som skal vere eit minne. Denne gongen er det Rune som har laga dei unike gåvene, som skal vere hemmeleg fram til overrekk- inga under avslutninga søndag.

Publikum

Publikumsdelen av stormfestivalen blir opptoga i Måløy laurdag og søndag, og vi håper på mykje folk i gatene. Legg merke til at kostymeopptoget er alle- reie kl 11.00 laurdag i Måløy. Dei som vil ha med seg dette må tidleg til "byn". Ver velkomne.

Konsertar blir det og i Måløy sentrum etter opptoget og fram til klokka 13.30.

Siste finpuss

På bilda ser vi Tommy som slår gras på Myrestrand, (første by etter Torskangerpoll).

Under ser vi stormfestivalen sin faste paraplyreperatør, Audun, som ryddar utanfor paraplyverk- staden sin. Han var i si tid vert for Dale Musikklag. Men etter ein laaaang spasertur gjennom alle måløygatene og ned kyrkjetrappa, så fann dei ut at dei ville satse på andre typar festivalar. Audun seier i ein kommentar: Dei får gjere som dei vil. Audun er forresten like kjent og godt likt i Dale som Jakob Sande er.



Muntre korpsmedlemmer har jubilert

To av medlemmene i Torskangerpoll Musikklag har hatt runde dagar i sommar. Arne Øvrelid er ein av veteranane i korpset, og den aktive som har vore med lengst. Han er sjef for kaffitraktar og slåande kommentarar. Kanskje ikkje så rart når han slår tromme. Han vart 60 år 17. juli..

Laila Mykland er ein av dei nye som har funne fram hornet i vaksen alder. Laila har godt humør og spelar horn. Ho vart 50 år 8. august. Vi gratulerer begge dei to jubilantane med overstått.



Tidskjema fram til stormfestivalen:

- Søndag 3. aug. 18.00: Storbriefing for alle i korpset og hjelparar,
- Tirsdag 5. sept. 19.30: "Øving", småplukk, serviettar, pro grammbretting, info.
- Onsdag 6. sept. 18.00: Tillaging i Torskangerpoll, telt, bord, stolar og diverse
- Torsdag 7. sept. 18.00: Tillaging Samfunnshallen
- Søndag 10. sept. 13.30: Opprydding Samfunnshallen, skular, Torskangerpollen